

Til alle som har meldt seg inn i Andreas Faye-selskapet,  
og alle andre interesserte

Interimstyret for Andreas Faye-selskapet kaller med dette  
inn til det første ordinære årsmøtet  
i Andreas Faye-selskapet  
**Kuben Aust-Agder museum og arkiv, Parkveien 16A i Arendal**  
**Onsdag 5. oktober 2022 kl 1900**



Alle som har betalt medlemspengar for 2022, kr 350, før årsmøtestart kl 1900 har stemmerett.

Programmet for kvelden blir:

1900-2000 Årsmøte med vanleg årsmøteprogram

2000-2010 Andreas Fayes *Jostedalsrypa* ved Jacob-Andreas Faye-Biseth

2020-2100 Arne Bugge Amundsen: Andreas Faye-foredraget

## **Praktisk informasjon**

Det er parkeringsplass både på nedsida av Kuben, innkøyring frå Ragnvald Blakstads vei, og frå Parkveien.

Servering: Det er enkel servering av kaffe/te/vann og kjeks mellom årsmøtet og foredraget.

Årspengar 2022 kr 350 (og 2023, også kr 350 for dei som vil det alt nå, kan ordnast med kort eller VIPPS ved møtestart. Vi arbeider med registreringa i Brønnøysund, og reknar med å ha kontonummer klart 5. oktober.

For dei som betaler årspengar for 2022 er det sjanse til å kjøpe biografiane om Andreas Faye og Andreas M. Feragen med 30% medlemsrabatt. Vanleg pris er 590 kr (Faye) og 395 kr (Feragen), tilsaman 985 kr. For medlemmer blir prisen 413 kr for Faye og 277 kr for Feragen, altså ein rabatt på heile 295 kr for dei som kjøper begge bøkene.

For 2023 blir årboka for Fayeselskapet inkludert i årspengane.

Sakliste for årsmøtedelen av kvelden:

### **Sak 1 Velkommen**

Ernst Håkon Jahr, leiar i interimsstyret, ønsker velkomen.

### **Sak 2 Opprop**

Opprop ved sekretær Jan Kløvstad.

### Sak 3 Konstituering

Forslag til vedtak: Ernst Håkon Jahr blir valt som møteleiar, Jan Kløvstad som sekretær, og ..... og ..... til å underteikne protokollen.

### Sak 4 Melding frå arbeidet i interimsstyret frå 8. mars 2022 til årsmøtedato

Møteleiar Ernst Håkon Jahr legg fram meldinga:

Andreas Faye-selskapet blei stifta på Kuben, Aust-Agder museum og arkiv tysdag 8. mars 2022.

Ernst Håkon Jahr  
Nybrottsmannen  
Andreas Faye

Ernst Håkon Jahr er professor emeritus ved Universitetet i Agder. Han har gitt ut rundt 70 bøker.  
Andreas Faye gravstein på Småle kirkegård blei renovert 2016.  
Foto: Olav Breen.

Jan Faye Braadland, skjønn- og faglitterær forfatter, Sandefjord.  
Foto: Essi Frydenlund.

Med bibliografi og ikonografi ved Jan Faye Braadland

NOVUS FORLAG  
ISBN 978-82-8396-872-9

Møtet starta med foredrag og boklansering av *Nybrottsmannen Andreas Faye* av Ernst Håkon Jahr med bibliografi og ikonografi av Jan Faye Braadland, og presentasjon av Faye-samlingane på Kuben ved Kristoffer Vadum. Nestleiar Arnfrid Aall i Andreas Faye-nemnda overrekte kameliablomar til Ernst Håkon Jahr og Jan Faye Braadland. Det var 28 menneske tilstades. 17 av dei meldte seg inn i selskapet alt første kvelden.



*Arnfrid Aall overrekte kameliablomster til Jan Faye Braadland. Foto Jan Kløvstad*

### **Bakgrunnen**

Sidan 2. januar 2019 har Andreas Faye-nemnda arbeidd med fleire arrangement og finansiering av den nemnte biografien Ernst Håkon Jahr har skrive om Andreas Faye. I nemnda sat representantar for Agder vitenskapsakademi, Bokbyen ved Skagerrak (seinare Bokbyen Tvedestrand), Historielaget for Dypvåg, Holt Tvedestrand, Holt menighet, Næs Jernverksmuseum, Tvedestrand kommune og Universitetet i Agder. Ein kort rapport frå nemnda vil bli ein del av første årbok for Andreas Faye-selskapet i 2023. Nemnda var også med utgjeving av boka *Holt seminar 180 år*.

*Lærerutdanninga i Holt 1839-1877*, redigert av Ernst Håkon Jahr og Jan Kløvstad (Novus forlag, 2019).

Andreas Faye-nemnda avløyste ei tidlegare nemnd som arbeidde på tilsvarande måte om Andreas Martinus Feragen, frå oktober 2017 til utgangen av 2018. Nemnda arbeidde med finansiering av biografien *Skolemesternes konge. Andreas M. Feragen* av Ernst Håkon Jahr (Novus forlag, 2018), restaurering av minnestøtta for Feragen på Holt kirkegård og eit stort Feragen-seminar.

I begge dei to nemndene var Ernst Håkon Jahr leiar, Arnfrid Aall nestleiar og Jan Kløvstad sekretær.

På stiftingsmøtet la initiativtakarane fram forslag til vedtekter (sjå eiga sak i årsmøtet), som blei tatt til foreløpig orientering. Forslaget blei sendt over til interimstyret for vidare arbeid og endeleg vedtak på første ordinære årsmøte. Interimstyret tok med seg forslag til nivå på årspengar i vidare arbeid med arbeidsplanar og budsjett.


Møtedeltakarane valte dette interimstyret etter forslag frå valnemnda:

Leiar Ernst Håkon Jahr (eitt år)

Styremedlemmer Hilde Inntjøre (to år), Kristin Havstad (eitt år) og Terje Bodin Larsen (to år). Selskapet har fått desse to utnemningane: Knut Holt Sandbløst (Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand) for eitt år og Snorre Dag Øverbø (Kuben-Aust-Agder museum og arkiv) for to år.

Stiftingsmøtet valte desse varamedlemmene for eitt år: Jan Kløvstad (som blir sekretær) og Jacob Andreas Faye-Biseth.

Frå Kuben er Kristoffer Vadum utnemnt som varamedlem. Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand utnemner varamedlem for Knut Holt Sandbløst.



og  
på

I tillegg blei Jan Faye Braadland utnemnt til æresmedlem i Andreas Faye-selskapet, som takk for stort og verdfullt arbeid gjennom mange år.

36
Mandag 28. mars 2022 Agderposten

Agderposten sideblikk.agderposten.no

# Sideblikk

**SKRIV ARTIKKEL**

Glad? Opprørt? Nytt fra forening. Lag og nærmiljø! Si det på [sideblikk.agderposten.no](mailto:sideblikk.agderposten.no) Skriv artikkel, legg til bilde, publiser. Vi godkjenner fortløpende. Artikler gjenbrukes i papiravis. E-post kan også brukes: [sideblikk@agderposten.no](mailto:sideblikk@agderposten.no)

**KONTAKT OSS**

**Kundeservice:**  
**37 00 38 10**  
kundeservice@agderposten.no

**Sentralbord:**  
**37 00 37 00**

Irene Hegge Gulltormsen

**Lag en hilsen**  
Lag en hilsen på [folk.agderposten.no](http://folk.agderposten.no), eller fra linken i hovednysen på [agderposten.no](http://agderposten.no). Frist kl. 09.00 en virkedag før innrykk.

**Ditt arrangement**  
Legg det inn på [detsaker.agderposten.no](http://detsaker.agderposten.no). Frist onsdag kl. 09.00. Kalender i papiravisen fredag og mandag.

FAYE: Professor Ernst Håkon Jahr med den store biografien om Andreas Faye. FOTO: ANDREAS FAYE-SELKAPET

DET FØRSTE MUSEET: «Melles Minde» også kjent som Sløyden. Matr. nr. 275 b i Arendal krets, ca. 1950. FOTO: KUBEN ARENDAL

**– Han var en pionér**

På dagen 190 år etter stiftning av Arendals Skoles offentlige Bibliotek og Museum, ble Andreas Faye-selskapet formelt stiftet på Kuben, Aust-Agder museum og arkiv.

Begivenheten skjedde tirsdag 8. mars 2022 og nå skal selskapet jobbe systematisk for å fremme interessen for forskeren, pedagogen, historikeren og folkeminnesamleren Andreas Faye, skriver Jan Kløvstad til Sideblikk.

Andreas Faye var en av grunnleggerne av det som ble Norges fjerde offentlige museum i 1832.

– Det er en økende interesse for Andreas Faye og forhåpentlig vil boken min og selskapet bidra til dette, sier forfatter, professor Ernst Håkon Jahr.

Stiftelsesmøtet startet med foredrag og boklansering av biografien om «Nybrottsmannen Andreas Faye» av Ernst Håkon Jahr, med bibliografi og ikonografi av Jan Faye Braadland, og presentasjon av Faye-samlingene på Kuben ved seniorrådgiver Kristoffer Vadum. Det var i alt 28 men-

nesker til stede for å overvære begivenheten.

**Nitidig arbeid**

Med stiftingen av Andreas Faye-selskapet avslutter Andreas Faye-nemnda sitt arbeid. Avgående nestleder i nemnda Arnfrid Aall overrakte en oppsatt med kameliablomster fra jernverkseier Jacob Aalls gamle 1800-tallshage på Nes til Ernst Håkon Jahr og Jan Faye Braadland for deres nitide arbeid med monumentalverket om Andreas Faye.

Etter blomsterverrekkelsen presenterte lederen for det nystiftede Andreas Faye-selskapet professor Ernst Håkon Jahr bakgrunnen og planene videre. Han poengterte også det nære samarbeidet med Kuben som også skal huse det nye selskapet.

Deretter presenterte sekretæren for selskapet, Jan Kløvstad, forslaget til vedtekter. 17 personer hadde tegnet seg som, og selskapet ble med det stiftet ved håndsopprekning. Ernst Håkon Jahr ble valgt til

**ÆRESMEDLEM:** Nestleder i Andreas Faye-nemnda, Arnfrid Aall, overrakte kameliablomster til æresmedlemmet. Til høyre Ernst Håkon Jahr.

FOTO: ANDREAS FAYE-SELKAPET

*Faksimile av Agderpostens oppslag om stiftingsmøtet.*

Interimstyret har hatt møte 13. juni og 5. september, og blant anna arbeid med desse sakene:

**Årbok for selskapet** – interimstyret foreslår å gi ut årbok kvart år, inkludert i årspengane. For 2022 har interimstyret fått avtale med Novus Forlag om 30% rabatt på dei to biografiane om Andreas Faye og Andreas M. Feragen. Ernst Håkon Jahr og Terje Bodin Larsen har tatt på seg redaktørarbeidet for årboka i 2023. Innholdet i årbøkene vil blant anna vere - utdrag frå Fayes dagbøker og andre artiklar av Andreas Faye

- den årlege Faye-førelsinga, om talaren vil det
- nyhende om Faye og Faye-selskapet (bokmeldingar, utgjevingar, årsmeldingar)
- matrikkel (medlemsliste)

### Årleg Faye-forelesing/føredrag

Ei årleg Andreas Faye-forelesing/foredrag nærmast mogleg fødselsdagen 5. oktober. Same dag blir det årsmøte og presentasjon av årsskriftet. Foredraga og årsmøta bør bli strømma til medlemmer som ikkje kan vere til stades.

### Faye-dokument og Faye-gjenstandar

Det er mange dokument etter Andreas Faye, og i tillegg er det mange gjenstandar i privat eige og verdfullt inventar frå Faye-rommet som stod på Maihaugen fram til 1994. Styret vil arbeide med å foreslå løysingar for best mogleg å sikre og formidle mest mogleg etter Faye.

### "Andreas Faye-nytt" - Halvårleg nyheitsark/blad til medlemmene

Det vil bli sendt ut halvårlege Andreas Faye-nytt, der denne innkallinga er det første.

### Heimeside og sosiale medier



## Andreas Faye - historiker og folkeminnesamler 1802-1869

@sagnsamleren · Forfattar

Æresmedlem Jan Faye Braadland har frå desember 2020 hatt denne heimesida for Andreas Faye: <https://andreasfaye.no/> og facebookside [Andreas Faye - historiker og folkeminnesamler 1802-1869](#). Både heimesida og facebookside er gullgruver. Styremedlem Kristin Havstad samarbeider med Faye Braadland om desse informasjonskanalane.

### Registrering av selskapet

Selskapet vil bli registrert som forening i Brønnøysundregistra.

### Økonomi

Interimstyret vil forelå årspengar på 350 kr for 2022, og same summen for 2023 på det første ordinære årsmøtet.

### Medlemstal

Pr 10. september er det registrert 46 medlemmer i selskapet.

### Gåver

Ninni Mürer Howlid har gitt ei slektstavle (innramma) som gåve til selskapet.

Forslag til vedtak: Melding for arbeidet frå stiftingsmøtet 8. mars til ordinært årsmøte 5. oktober 2022 godkjent.



## Sak 5 Vedtekter for Andreas Faye-selskapet

Snorre Dag Øverbø presenterer interimstyrets forslag til vedtekter:

### § 1 Formål

Andreas Faye-selskapet er et ideelt selskap med formål å spre og fordjupe kunnskap om Andreas Faye, hans liv og virke. Selskapet er geografisk plassert på KUBEN, Aust-Agder Museum og Arkiv IKS, Arendal (fork. AAma).

### § 2 Arbeidsform

Selskapet skal arbeide for formålet ved å:

- bidra til å bevare og løfte fram arven etter Andreas Faye
- gi ut skrifter av og om Andreas Faye, m.a. gjennom ei årbok
- arrangere foredrag og studiebesøk i tilknytning til selskapets formål
- arbeide for at andre minner etter Andreas Faye blir tatt vare på.

Virksomheten drives innafor den ramma som selskapets økonomi tillater. Selskapet kan motta gaver, som formelt kan bli AAmas eiendom, etter nærmere avtale

### § 3 Medlemskap

Personer, foreninger og institusjoner kan bli medlemmer i selskapet. Styret har fullmakt til å utnevne æresmedlemmer.

### § 4 Medlemskontingent

Årsmøtet vedtar medlemskontingent. Alle som har betalt medlemskontingent, får årboka til selskapet kostnadsfritt.

### § 5 Årsmøte

Årsmøtet blir arrangert rundt 5. oktober, som er Andreas Fayes fødselsdag. Årsmøte skal kalles inn med seks ukers frist, og saker kan meldes inn inntil fire uker før årsmøtet. På saklista står årsmelding, regnskap, arbeidsplan, budsjett (evt. med endring av kontingent), og valg av styreleder og -medlemmer, varamedlemmer, valgkomite og revisor. Første gang velges to styremedlemmer for to år, to for ett år. Valgperioden er seinere to år. AAma og Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand utpeker hvert sitt styremedlem. Regnskapet følger kalenderåret.

### § 6 Styre

Styret har med styreleder seks medlemmer. Årsmøtet velger styreleder og tre styremedlemmer, med varamedlemmer i rekkefølge. Et styremedlem oppnevnes av AAma og et av Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand, med personlige varamedlemmer. Nestleder, sekretær og kasserer blir valgt internt i styret. Styreleder har prokura. Styret kan opprette arbeidsgrupper ved behov.

### § 7 Endringer

Endringer i vedtektene kan vedtas med vanlig flertall på et årsmøte

### § 8 Oppløsning

Oppløsning av selskapet kan bare vedtas på to etterfølgende ordinære årsmøter, med tre firedels flertall. Om Andreas Faye-selskapet blir oppløst, skal midler og eiendeler tilfalle AAma.

Forslag til vedtak: Det framlagte forslaget til vedtekter blei vedtatt.

## Sak 6 Fastsetting av årspengar 2022 og 2023

Kristin Havstad legg fram saka.

Forslag til vedtak: Årspengane for Andreas Faye-selskapet blir kr 350 for 2022 og det same for 2023. Årsmøtet (i oktober) fastset kontingenten for komande år. Årspengane dekker medlemskap, tilgang til det årlege Andreas Faye-foredraget, dekker årboka og gir også redusert medlemspris for andre tiltak/skrifter styret kan finne fram til. Årspengane inkluderer rabatt på biografiane om Andreas Faye og Andreas M. Feragen i 2022.

## Sak 7 Arbeidsplan 2022 og 2023

Ernst Håkon Jahr presenterer.

Andreas Faye-selskapet vil arbeide med blant anna

Årbok for selskapet, med lansering ved årsmøtet 5. oktober 2023

Årleg Faye-forelesing/føredrag 5. oktober 2023

Kartlegging og eventuell innsamling av Faye-dokument og Faye-gjenstandar

Førebuande arbeid for plassering av innsamla gjenstandar og dokument

"Andreas Faye-nytt" - Halvårleg nyheitsark/blad til medlemmene

Heimeside og sosiale medier

Styrking av økonomien gjennom medlemsverving og søknader

Styret vil ha om lag fire styremøte

Faye-markeringar i 300-årsjubileet for Arendal gjennom utstillingar og foredrag

Styret vil også informere medlemmene om arbeidet med Fayes dagbøker 1818-1834, som kjem som nettutgåve på Det norske språk- og litteraturselskap. Jan Faye Braadland er eineredaktør på første bandet.

Forslag til vedtak: Arbeidsplan for hausten 2022 og heile 2023 godkjent.

## Sak 8 Budsjett 2022 og 2023

Jan Kløvstad presenterer:

I det første driftsåret vil eit budsjett nødvendigvis bli noe uvisst. Budsjettet blir sett opp for perioden oktober 2022 til og med desember 2023. Det er viktig å sjå at vi har inntekter av årspengar/medlemspengar både i 2022 og 2023, og utgifter til årbok berre i 2023. Budsjett for 2024 må lagast utfrå erfaringstal i 2023.

	Inntekter	Utgifter
Gåve frå Andreas Fayenemnda 2019-2022	5000	
Årspengar 2023 75 x 350 kr	26250	
Årsspengar 2022 50 x 350 kr	17500	

Sal av 20 stk Fayebiografier med 30% medlemsrabatt (413 kr pr bok)	8260	
Kjøp av Fayebiografier frå Novus forlag		8260
Sal av 15 stk Feragenbiografier med 30% medlemsrabatt (277 kr pr bok)	4147	
Kjøp av Feragenbiografier frå Novus forlag		4147
Trykking av årbok 2023, 300 eks (ikkje kvalitetssikra sum)		40000
Tilskot frå Arendal kommune (blir søkt)	5000	
Tilskot frå Agder fylkeskommune (blir søkt)	10000	
Tilskot frå bankar og andre (blir søkt)	10000	
Driftsutgifter som porto		1000
Honorar, reise og opphald for foredragshaldarar		10000
	86157	63407
Ymse utgifter (særleg risiko i årboksutgifter)		22750
Inntekter/utgifter	86157	86157

Forslag til vedtak: Det framlagte budsjettforslaget blir godkjent.

## Sak 9 Val av styre

Valnemnda Snorre Dag Øverbø og Jan Kløvstad foreslår at interimstyret held fram som ordinært styre frå årsmøtet. Snorre Dag Øverbø presenterer:

Leiar Ernst Håkon Jahr (eitt år)

Nestleiar Hilde Inntjore (to år), styremedlemmer Kristin Havstad (eitt år) og Terje Bodin Larsen (to år).

Selskapet har fått desse to utnemningane: Knut Holt Sandbløst (Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand) for eitt år og Snorre Dag Øverbø (Kuben-Aust-Agder museum og arkiv) for to år.



Varamedlemmene for eitt år: Jan Kløvstad (som blir sekretær) og Jacob-Andreas Faye-Biseth Frå Kuben er Kristoffer Vadum utnemnt som varamedlem. Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand utnemner varamedlem for Knut Holt Sandbløst.

Forslag til vedtak:

Styret for Andreas faye-selskapet frå 5. oktober 2022 blir:

Leiar Ernst Håkon Jahr (eitt år)

Nestleiar Hilde Inntjore (to år), styremedlemmer Kristin Havstad (eitt år) og Terje Bodin Larsen (to år).

Selskapet har fått desse to utnemningane: Knut Holt Sandbløst (Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand) for eitt år og Snorre Dag Øverbø (Kuben-Aust-Agder museum og arkiv) for to år.

Varamedlemmene for eitt år: Jan Kløvstad (som blir sekretær) og Jacob-Andreas Faye-Biseth Frå Kuben er Kristoffer Vadum utnemnt som varamedlem. Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand utnemner varamedlem for Knut Holt Sandbløst.

## Etter årsmøtet:

Årets Andreas Faye-forelesing ved professor Arne Bugge Amundsen.  
Arne Bugge Amundsen

**Arne Bugge Amundsen** (født 13. august 1955) er en teolog og kulturhistoriker som er bosatt i Fredrikstad. Han er professor i folkloristikk ved Institutt for kulturstudier og orientalske språk (IKOS) ved Universitetet i Oslo.



I 1987 disputerte Amundsen på en folkloristisk avhandling om folkelig religiøsitet i Norge på 1800-tallet, før han gikk inn i en stilling som førstekonservator og avdelingsleder ved Borgarsyssel Museum i Sarpsborg. Han gikk derfra til en stilling som professor i folkloristikk i 1996.

Amundsens forskning har sin hovedtyngde på nord-europeiske forhold i perioden 1500-1900, der blant annet temaer som folkereligiøsitet og kirkehistorie, adels- og herregårdskultur, museumshistorie og museumsteori, ritualer og forståelse av disse, regionalkultur og identitetskonstruksjon er spesielt vektlagt. (Foto: Arthur Sand, Universitetet i Oslo)

Vel møtt!

For interimstyret

Jan Kløvstad, sekretær